

Instruks for munnleg eksamen

Gjeldande frå og med våren 2016

Siste oppdatering 15.09.15

1 Ansvar

Ansvar for gjennomføring av munnleg eksamen er lagt på skuleeigarane i dei sju kommunane, jf. Forskrift til Opplæringslova, § 3-29 og § 4-22. Denne instruksen er forpliktande for skuleeigar, for den enkelte skule i dei sju kommunane og for faglærarar og sensorar som medverkar til å gjennomføre munnleg eksamen i Sjustjerna. Dersom ein kommune ønskjer å avvike frå denne instruksen, må kommunen ta dette opp på regionmøte i Sjustjerna.

Skulefagleg ansvarleg i kvar kommune har ansvar for gjennomføringa av munnleg eksamen i sin kommune, og rektor har ansvar ved den enkelte skule. Spørsmål som ikkje er omtala i denne instruksen, eller som er knytt til kommunen sine egne rutinar, vert avklara av skulefagleg ansvarleg i kommunen.

2 Omgrepsavklaringar

2.1 Munnleg eksamen

Omgrepet "munnleg eksamen" er i Forskrift til opplæringslova og i skriv frå Utdanningsdirektoratet brukt saman med omgrepa "lokalt gitt eksamen" og "lokalt gitt munnleg eksamen". I denne instruksen brukar ein omgrepet "munnleg eksamen".

2.2 Sensor og faglærer

Lokalt gitt eksamen skal vurderast av to sensorar. Ein av sensorane skal vere ekstern. Den andre kan vere faglæraren til eleven. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor.

2.3 Oppgåve

Med eksamensoppgåver meiner ein her dei tema eller problemstillingane som elevane skal presentere, samt dei spørsmåla eller problemstillingane som det kan eksaminert i, etter eleven sin presentasjon.

3 Eksamensformer

3.1 Individuelt og i par

Elevane kan, i samråd med skuleleiinga, gå opp til eksamen enkeltvis eller i par. Elevane kan velje ulik form i dei ulike faga.

4 Melding om eksamen

4.1 Melding til elevane

Eleven får vite kva fag han eller ho skal prøvast i 48 timar før sjølv eksamen tek til. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Eksamen skal ikkje gjennomførast måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar. Meldinga til elevane bør kome så nær 48 timar som mulig før eksamenstartar, men ikkje mindre enn 48 timar før første elev skal prøvast.

4.2.1 Første melding til rektor ved skulen som stiller med eksterne sensorar

Seinast 30. april gir rektor ved skulen som skal ha eksamen, melding til rektor ved skulen som stiller med sensorar om:

- namn på tildelte sensorar
- faga den einskilde sensoren står med som aktuelle eksamensfag
- eksamensdato

Rektor som får melding, må kontrollere at kvar lærar er kopla opp mot rett fag. Dersom her er feil, må dette meldast til den som har koordineringsansvar i Sjustjerna.

4.2.2 Andre melding til rektor ved skulen som stiller med eksterne sensorar

Seinast to veker før elevane får melding om eksamen, gir rektor ved eksamensskulen følgjande informasjon til rektor ved den skulen ekstern sensor held til:

- Fagrapport med vurderingskriterium
- Namn på tildelte sensorar
- Namn på faglærer m/e-postadresse og telefonnr.
- Eksamensform
- Gruppestorleik
- Eksamensdato
- Frammøtestad og tidspunkt

4.3 Melding til faglærer og ekstern sensor

Elleve dagar (inkludert laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar) før melding til elevane, får faglærer og ekstern sensor dei opplysningane som er nødvendige for å førebu gjennomføringa av eksamen. Dersom denne dagen ikkje er ein skuledag, får ein meldinga dagen før.

Faglærer får følgjande opplysningar:

- Eksamensdato
- Eksamensfag
- Namn på sensor m/e-postadresse og telefonnr.
- Eksamensform
- Gruppestorleik
- Frammøtestad og tidspunkt

Ekstern sensor får følgjande opplysningar:

- Eksamensdato
- Fagrapport med vurderingskriterium
- Namn på faglærer m/ e-postadresse og telefonnr.
- Eksamensform: individuelt/par
- Frammøtestad og tidspunkt
- Gruppestorleik

Faglærer får melding om kva for elevar som er trekte ut til prøva, samtidig som elevane får melding om eksamen.

5 Førebuing for faglærarar og sensorar

5.1 Fagrapport

Faglærar i samråd med elevane, utarbeider fagrapport som presiserer korleis elevgruppa har arbeidd for å nå kompetansemåla i LK06.

Fagrapporten

- gjer greie for emne, tema, prosjekt eller liknande som ein har arbeidd med for å nå kompetansemåla
- klargjer kva for kompetansemål som har vore vektlagde innafor ulike emne, tema, prosjekt eller liknande
- klargjer kva arbeidsmåtar og læringsmetodar som har vore nytta i ulike emne, tema, prosjekt eller liknande
- klargjer kva for utstyr, læremiddel, ekskursjonar eller liknande, som har vore nytta
- viser kva vurderingskriterium som vert lagt til grunn for vurderinga i faget

Rektor godkjenner fagrapporten. Kompetansemåla i LK06 og fagrapporten er grunnlaget for utarbeiding av eksamensoppgåvene.

5.2 Tema/problemstilling

Faglærar har ansvar for å utarbeide tema eller problemstillingar som elevane skal presentere, samt førebu fagsamtalen i etterkant av eleven sin presentasjon.

Alle skal ha like mange trekningsval. Tal på oppgåver må vere minst halvparten av gruppa sin storleik. Minimum 3.

Ekstern sensor ser til at temaa/problemstillingane gir grunnlag for å vurdere breidde og djupne ved eleven sin kompetanse slik den er skildra i kompetansemåla i læreplanen og i fagrapporten. Ekstern sensor og faglærar bør også drøfte vurderingskriteria som skal brukast i vurderinga av elevsvara.

5.3 Rolleavklaring mellom ekstern sensor og faglærar

Faglærar har hovudansvaret for å etablere kontakt med ekstern sensor for å gjere nødvendige førebuingar og avklaringar i høve til eksamensoppgåver og vurderingskriterium. Dersom det er usemje om kva eleven skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som avgjer.

Faglærar har ansvaret for og styrer kommunikasjonen med elevane under heile eksamen. Innafor dei rammene faglærar legg, kan ekstern sensor delta i utdjupingssamtalen med elevane. Både ekstern sensor og faglærar har plikt til å bidra til god kommunikasjon og til å skape tryggleik for elevane.

6 Gjennomføring av eksamen

6.1 Førebuingssdel

- Munnleg eksamen skal gjennomførast med førebuingssdel som er ein obligatorisk skuledag dagen før eksamen, der alle hjelpemiddel er tillatne.

- Når førebuingssdelen tek til, 24 timar før sjølv eksamen, skal eleven trekke eit tema eller ei problemstilling. Temaet skal gi elevane eit utgangspunkt for eksamen der dei skal presentere eit tema som ho eller han har arbeidd med i førebuingssdelen.
- Elevane skal ha eit pedagogisk tilbod med rettleiing frå ein lærar denne dagen.
- Førebuingssdelen skal vere rettleiande og elevane må få rettleiing i å sjå samanhengen mellom gitt tema/problemstilling og læreplanen for faget.
- Faglærar skal ha individuell samtale med kvar elev i løpet av førebuingss- dagen
- Eleven skal ikkje skal få vite kva spørsmål og problemstillingar som det vil verte eksaminert i.
- Førebuingssdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

6.2 Overordna om sjølv eksamen

- Sjølv eksamen skal gjennomførast på dagane onsdag til fredag.
- Kvar elev har inntil 30 minutt til rådigheit på sjølv prøve- dagen.
- Notata til eleven frå førebuingssdelen er einaste tillatne hjelpemiddel. Notata inkluderer i denne samanhengen hjelpemiddel som er relevante for å gjennomføre ein obligatorisk og førebudd presentasjon. Dette kan vere PP- presentasjon, kalkulator eller andre ting som visualiserer presentasjonen.
- Eleven sin presentasjon skal vare maksimum 10 minutt, og skal vere eit utgangspunkt for vidare samtale slik at eleven får høve til å vise kompetansen sin i faget.
- Det er eit mål at eleven får vist kompetansen sin i ein så stor del av faget som mogleg. Dette har konsekvensar m a for korleis tema/problemstillingar til førebuingssdelen vert formulerte, og dei spørsmåla som vert stilte under sjølv eksamineringa. Faglærar og sensor skal leite etter eleven sin kompetanse, og ikkje den kompetansen eleven ikkje har.

6.3 Gjennomføring på eksamensdagen

Først får eleven 10 minutt, utan avbrot, til ein presentasjon der ein legg fram resultatet av arbeidet i førebuingssdelen. Eleven/elevane står fritt til å velje presentasjonsform, og får nytte notatane sine frå førebuingstida og hjelpemiddel som er relevante for å gjennomføre ein obligatorisk og førebudd presentasjon, digitale hjelpemidlar eller andre verkty. Eleven/elevane er sjølv ansvarlege for å ta med det han/ho eller dei har behov for og har sjølv ansvar for at utstyr som vert nytta fungerer.

Det kan vere lurt å avtale eit teikn som kan nyttast til å gjere eleven/elevane merksam på tida, til dømes når det gjenstår to minutt. Dersom presentasjonen går ut over tidsramma, kan ekstern sensor avgjere at det skal setjast strek for presentasjonen.

Dersom utstyr sviktar under eksamen, skal prøva likevel gjennomførast. Rektor kan avgjere at ein elev får utvida tid til presentasjon dersom årsaka til ein teknisk svikt ligg utafor elevane sitt herredømme.

Dei siste 20 minutta av eksamenstida vert nytta til ein utdjupingssamtale (fagsamtale med utgangspunkt i tema).

Utdjupingssamtalen har fleire formål:

- å avdekke elevane sitt kompetansenivå innafor dei felte elevane har valt å presentere
- å avdekke elevane sin kompetanse på område som er relevante for tema, men som elevane ikkje har valt ut i sin presentasjon
- eventuelt å klargjere den enkelte elev sitt bidrag til ein felles presentasjon
- å klargjere eleven/ ane sine grunnleggande ferdigheiter som er relevante for oppgåva/temaet

Dersom eksaminasjonen er ferdig før det er gått 30 minutt pr elev, er det eleven som skal avgjere om ein er ferdig.

Ved bruk av lytteprøve i framandspråk og fordjuping i engelsk, vil dei 30 minutta verte delte slik:

- 10 minutt til samtale om lytteprøva
- 10 minutt til presentasjon av tema
- Om lag 5 minutt til språkleg samhandlings situasjon
- Om lag 5 minutt fordelt der ein treng det

6.4 Vurdering og karakterfastsetting

Grunnlaget for vurdering av elevsvar, er dei kompetansemåla i læreplanen som er relevante innafor oppgåvetemaet og fagrapporten med vurderingskriterium. I utdjupingssamtalen stiller faglærer og eventuelt ekstern sensor spørsmål (sjå punkt 5.3), for å klargjere breidde og djupne i den enkelte elev sin kompetanse. Og dei kan ta opp element som elevane ikkje har rørt i sin presentasjon.

Ekstern sensor har hovudansvaret for vurdering av elevane. Faglærer har plikt til å delta i vurderinga. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren.

Det er den enkelte elev sin kompetanse slik den kjem fram i eksamenssituasjonen som skal vurderast. Eleven vert individuelt vurdert, sjølv om han/ho har valt å gå opp i par. Det skal leggast vekt på forståing av oppgåve/tema, samt eigen refleksjon og drøfting. Det styrkjer elevane om dei kan svare utdjupande og sjølvstendig, og gjennom dette viser at dei har tileigna seg stoffet.

Som hovudregel vert karakterane gjort kjende for elevane umiddelbart etter at ei elevgruppe er ferdig, og ekstern sensor og faglærer har drøfta karakterfastsettinga. Vurderinga skal vere målrelatert og ikkje grupperelatert. Dersom ein ventar til slutt med å kunngjere vurderinga, skal det vere av praktiske grunnar, ikkje for å gjere ei samanlikning av prestasjonane.

Det er ikkje pålagt å gje grunngjeving for karakteren. Dersom ekstern sensor ønskjer å gje ei kort grunngjeving, skal ein i tilfelle vise til konkrete døme frå eksaminasjonen og knyte desse opp mot vurderingskriteria og grad av måloppnåing i faget. (Ikkje seie t.d. "Du var flink og presterte godt")

Dersom ein er i tvil om resultatet under vurderinga, kan enkeltelevar kallast inn igjen for ytterlegare utdjuping og avklaring.

6.5 Klagerett

Ved munnleg eksamen kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet. Sjå Forskrift til opplæringslova § 5-10

6.6 Spesiell tilrettelegging

Dersom elevar har krav på spesiell tilrettelegging av eksamen, tek rektor avgjersle i tråd med

Forskrift til Opplæringslova, § 3-32.

7 Kvalitetssikring av karakterar og lønsutbetaling

Skulen har ansvar for å administrere listeføring og utbetaling av løn til ekstern sensor i høve munnleg eksamen. Ekstern sensor signerer karakterlister ved avslutning av eksamensdagen. Ekstern sensor gir samtidig opp skattedata til skulen. Rektor godkjenner karakterlistene. Dersom ein eller fleire av partane har innvendingar mot gjennomføringa av eksamen, skriv rektor protokoll over forholdet, og dei involverte signerer protokollen.

VEDLEGG: Forskrifter til Opplæringslova

§ 1-4. Tid til opplæring og eksamen

I Læreplanverket for Kunnskapsløftet er fag- og timefordelinga fastsett. Tida som går med til

eksamen, medrekna eventuell førebuingstid som blir teken frå undervisninga, skal reknast som opplæringstid. Elevar som ikkje blir trekte ut til eksamen, skal ha ordinær opplæring.

§ 3-3. Grunnlaget for vurdering i fag

Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3.

I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytte til ordenen og åtferda til eleven trekkjast inn. I grunnskolen skal det i faget kroppsøving i vurderinga leggjast vekt på både oppnådd kompetanse og føresetnadene til eleven. (...)

§ 3-4. Karakterar i fag mm

Frå 8. årstrinn skal vurdering også givast med talkarakterar. Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal brukast.

Dei enkelte karaktergradene har dette innhaldet:

- a) karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget
- b) karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- c) karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- d) karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget

- e) karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- f) karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

§ 3-24. Fritak frå eksamen

Elevlar som er fritekne for vurdering med karakter i fag som blir avslutta med eksamen, skal ikkje delta i eksamen i faget.

I grunnskolen kan rektor sjølv etter søknad frå foreldra frita elevlar frå eksamen, når det ligg føre tungtvegande grunnar.

§ 3-25. Generelle føresegner

Eksamen skal vere i samsvar med læreplanverket.

Læreplanen i det enkelte faget fastset om og eventuelt når i opplæringsløpet det skal vere eksamen i faget. Det er òg fastsett i læreplanen for fag om eleven skal opp til eksamen i faget, eller om elevlar kan trekkjast ut, kva slags eksamensform som skal nyttast, og om eksamen skal vere lokalt gitt eller sentralt gitt. Departementet fastset kor mange eksamenar det skal vere på 10. årstrinnet.

Eksamen skal organiserast slik at eleven kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven slik denne kjem fram på eksamen.

Det er ikkje ny eksamen, utsett eksamen eller særskild eksamen i grunnskolen.

§ 3-26. Melding av elevlar til eksamen

Skolen melder til eksamen alle elevlar som tek del i opplæringa i fag som blir avslutta med eksamen. Utdanningsdirektoratet fastset meldingsfristar og korleis melding til eksamen skal gå føre seg.

§ 3-29. Lokalt gitt eksamen i grunnskolen

Kommunen har ansvaret for gjennomføringa av alle lokale eksamenar. Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver.

Eleven skal få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før sjølv eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Eksamen skal ikkje gjennomførast måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

Munnleg eksamen skal gjennomførast med førebuingsdel. Førebuingsdelen er ein obligatorisk skuledag dagen før eksamen, der alle hjelpemiddel er tillatne. Når førebuingsdelen tek til, 24 timar før sjølv eksamen, skal eleven få oppgitt eit tema eller ei problemstilling, Førebuingsdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Ramma for eksamen på eksamensdagen skal vere munnleg eksamen på inntil 30 minutt per elev.

Prøvesvara ved lokalt gitt eksamen skal vurderast av to sensorar. Éin av sensorane skal vere ekstern. Den andre sensoren kan vere faglæraren til eleven. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren.

Ved eksamen som krev eksaminator, skal den eine sensoren vere eksaminator. Eksamineringa skal gi elevane høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Under eksamen kan elevane prøvast i fleire relevante deler av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein førebuingssdel. I eksamenstida ved munnleg eksamen skal eleven presentere temaet eller problemstillinga som han eller ho har førebudd i førebuingssdelen. Dersom det er usemje om kva eleven skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som avgjer.

§ 3-31. Hjelpemiddel til eksamen

Ved lokalt gitt munnleg eksamen er notata til eleven eller privatisten frå førebuingssdelen einaste tillatne hjelpemiddel.

Ved lokalt gitt eksamen fastset skuleeigaren kva for hjelpemiddel som skal tillastast. Dei tillatne hjelpemidla må ikkje svekkje grunnlaget for å vurdere kompetansen til eleven.

§ 3-32. Særskild tilrettelegging av eksamen

Elevar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til eleven så langt råd er.

Tiltaka må ikkje føre til at eleven får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at eleven ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Der det i kompetansemåla er kravd skriftlege, munnlege eller praktiske ferdigheiter, er det ikkje høve til å leggje til rette eksamen slik at desse ferdigheitene ikkje blir prøvde, når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget.

Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for elevar. Avgjerda til rektor er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen krev ikkje vedtak om spesialundervisning.

§ 3-36. Bortvising frå eksamen

Elevar skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av eksamenen. Dersom åtferda til ein elev er i strid med denne føresegna, kan eleven, etter å ha blitt åtvara, visast bort. Bortvising skal avgjerast av rektor sjølv og er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg for rektor før rektor eventuelt fattar enkeltvedtaket om bortvising.

§ 3-37. Annullering av eksamen

Dersom det er gjort formelle feil ved avviklinga av eksamen, eller dersom eksamen av anna årsak ikkje er avvikla i samsvar med føresegnene, kan Utdanningsdirektoratet annullere eksamen.

Dersom ein elev har vore oppe til eksamen i eit fag der han eller ho ikkje får standpunktkarakter, blir eksamen annullert.

Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller forsøkt å fuske ved eksamen. Dette gjeld også dersom det er sensorane som oppdagar fusk eller forsøk på fusk.

Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor sjølv for elevar. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før rektor fattar enkeltvedtak om annullering av eksamen. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen. Enkeltvedtak om annullering av eksamen kan påklagast til Fylkesmannen.

For elevar som får eksamen annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, fell standpunktkarakteren bort.

§ 3-39. Forsvarleg system for føring av karakterar og fråvær

Fråvær, halvårsvurdering med karakterar, standpunktkarakterar [og] eksamenskarakterar skal førast inn i systemet skuleeigar bruker. Dette gjeld både karakterar i fag og karakterar i orden og åtfærd. Karakterane er fastsette når karakterane er førte inn.

Halvårsvurdering med karakter kan ikkje endrast etter at dei er gitt. Standpunktkarakterar og eksamenskarakterar kan endrast etter klage. Føringsfeil skal rettast og attesterast av rektor.

Elevar som blir fritekne for opplæringsplikt etter opplæringslova § 2-1 fjerde ledd, skal framleis stå oppførte i systemet for føring av karakterar.

§ 4-22. Lokalt gitte eksamen i grunnskulen

Eksamen skal ikkje gjennomførast måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar. Munnleg eksamen for deltakarar skal gjennomførast med ein førebuingsdel.

Førebuingsdelen er ein obligatorisk skuledag dagen før eksamen der alle hjelpemiddel er tillatne. Når førebuingsdelen tek til, 24 timar før sjølvve eksamen, skal kandidaten få oppgitt eit tema eller liknande, men ikkje eksamensoppgåva. Førebuingsdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Under eksamen kan kandidaten prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein førebuingsdel. I eksamenstida ved munnleg eksamen skal kandidaten presentere temaet eller liknande som han eller ho har førebudd i førebuingsdelen.

§ 5-1. Kva det kan klagast på

Det kan klagast på standpunktkarakterar [og] eksamenskarakterar. Det kan også klagast på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter

§ 5-2. Kven som kan klage

Elevar eller dei som desse gir skriftleg fullmakt, har klagerett. Foreldra eller dei føresette til umyndige elevar har sjølvstendig klagerett. Dersom eleven er under 15 år, kan dei

ikkje klage utan skriftleg samtykke frå foreldra eller dei føresette.

§ 5-3. Avgjerd i klagesaka

Behandling av klage på karakter kan føre til at karakteren eller blir ståande, eller til at denne blir endra til gunst eller ugunst for klagaren. Avgjerda skal grunngivast. Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på.

Fører klagebehandlinga til endring av vitnemålet, skal det skrivast eit nytt, og tidlegare vitnemål/kompetansebevis skal leverast tilbake.

§ 5-4. Saksgangen ved klage

Dei som har klagerett etter § 5-2, skal få opplysningar om høvet til å klage, klagefristen og om kva klagen skal innehalde, i medhald av denne forskrifta og lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 29, § 30, § 31 og § 32. Dei som har klagerett, skal også få informasjon om at dei har rett til å få retningslinjene som sensorane har fått, og grunngeving etter § 5-7. Klagen skal sendast til den skolen der klagaren er elev.

§ 5-5. Klagefristar

Fristen for å klage på vedtak som gjeld eksamenskarakterar og standpunktkarakterar, er 10 dagar.

Fristen skal reknast frå tidspunktet når meldinga om vedtaket er komen fram til den som har klagerett, eller når den som har klagerett, burde ha gjort seg kjend med vedtaket. Fristen blir avbroten når den som har klagerett, ber om grunngeving for vedtaket. Ny frist gjeld frå det tidspunkt klagaren har fått grunngevinga.

§ 5-6. Formkrav

Klagen må fremjast skriftleg, og underskrivast av klagaren eller eventuelt av ein med fullmakt. Klagen skal nemne det vedtaket som det blir klaga på, og dersom det er nødvendig,

gi opplysningar som gjer det mogleg å avgjere spørsmål om klagerett og om klagefristen er halden. Klagen bør innehalde årsaka til klagen, bortsett frå klagar etter § 5-9.

§ 5-7. Rett til grunngeving

Den som har klagerett, jf. § 5-2, kan innanfor klagefristen krevje grunngeving for karakterar i fag der det blir halde munnleg eksamen, fastsett standpunktkarakterar, eller standpunktkarakter i orden og i åtferd. Grunngevinga skal givast av sensor eller ein lærar som har vore med og fastsett karakteren.

§ 5-10. Klage på karakter ved munnleg eksamen. Klageinstans og klagebehandling

Ved munnleg eksamen kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet. Ved klage på munnleg eksamen hentar rektor inn fråsegn frå sensor og eksaminator og sender desse fråsegnene og klagen saman med si eiga fråsegn til Fylkesmannen når det gjeld klagar i grunnskolen. Kopi av fråsegnene skal sendast til klagaren.

Dersom klagaren får medhald i klagen ved munnleg eksamen, skal karakteren annullerast, og klagaren har rett til å gå opp til ny eksamen. Dersom klagaren vel å gå opp til ny munnleg eksamen, skal prøvesvaret bedømmast av ein ny sensor.

Gjeld klagen prøve i trekkfag, skal det trekkjast fag på ny. Eleven skal få melding om faget med same frist som ved ordinær prøve.